

## Terminliste langrenn 2023-2024

Klubbrenn i Øvre Setesdal:

Stad	Stilart	Dato
Brokke	Fristil	Onsdag 24.januar
Bykle	Klassisk	Onsdag 14. februar
Hovden	Fristil	Onsdag 13.mars

Alle renn er på onsdagar og startar 18.00.

Kvart enkelt lag står fritt for å setje aldersgrense på sine lokale renn.

Valle sparebank karusellrenn i Bykle ljosløype:

Dato	Stilart
Onsdag 31.januar	Fristil
Onsdag 14.febrar (Klubbrenn og karusell)	Klassisk
Onsdag 28.februar	Fristil
Onsdag 6. mars	Klassisk

Deltaking i 2 av 4 renn gjev premie. Karusellrenna startar 18.00.

Turrenn:

02.mars	Støydalslåmi
10.mars	Sesilåmi
16.mars	Hovden Tour

Skitrening:

Det vert skitrening for alle frå 1.-10.klasse onsdagar kl 18.00. Det er Ingunn Jegteberg som skal vere trenar. Treninga startar når snøen kjem.



UNGDOMMENS KULTURHUS ER EIN STAD DER LOKAL UNGDOM KAN DRIVE MED SJØLVORGANISERT AKTIVITET SOM GAMING, BRETTSPEL, DANS, YOGA, BALLSPEL, BAND, LEKSER OG TEIKNING. GYMSALANE ER OPNA FOR SJØLVORGANISERT LEIK FOR ALLE FRÅ 5. TRINN OG OPPOVER. GYMSAL KAN BOOKAST I RESEPSJON ELLER BIBLIOTEK I OPNINGSTIDA TIL KULTURHUSA.

### OPNINGSTIDER

**BYKLE SAMFUNNHUS:**  
MÅNDAG OG TORSDAG: 10:00 - 16:30  
MEIROPENT BIBLIOTEK FOR UNGDOM FRA 8. TRINN.  
UTLÅN AV NØKKELE TIL KLUBBHUS OG BANDBINGE  
UTANOM OPNINGSTIDER SKAL GJERAST AV FØRESETT SOM DÅ HAR ANSVAR FOR FASILITETANE.

**HOVDEN GRENDEHUS:**  
MÅNDAG - TORSDAG: 08:00 - 21:00  
FREDAG: 08:00 - 16:00  
KUN FOR UNGDOM FRÅ KL 18:00

**HUGS Å RYDDE OPP ETTER DYKK**

### Oppdatering av aktivitetskalender for Bykle IL!

**Symjetrening på torsdagar går ut.**

Dei som har spart på kalenderen som vart trykka i Byklaren for Januar må stryke ut den ruta



Hovden grendehus og bibliotek tel. 902 16 856	Bykle samfunnshus og bibliotek tel. 476 85 262
Måndag-torsdag 8-21, Fredag 8-16 Redusert opningstid i vinterferien (veke 8)19.-23. februar kl. 9-16	Måndag 10-16.30, Torsdag 10-16.30 Meiropent bibliotek alle dagar 7-23 Stengt veke 8
<b>For spørsmål og informasjon ta kontakt med oss</b>	
Leige pr dag i vekedag er gratis for alle som bur i Bykle kommune. Leie pr dag enkeltrom utanom opningstid for lokale lag/org kr 400,-. Ein kan også leige klubbhuset i Bykle og Flatelandstoga. Me i kulturavdelinga hjelper deg gjerne med å få ut info via Spond når det gjeld tilbod rette mot alle barn/unge frå 4.trinn -10. trinn.	
<a href="mailto:kultur@bykle.kommune.no">kultur@bykle.kommune.no</a>	
Facebook: Bykle folkebibliotek, Bykle kommune, Ungdomsarbeid i Bykle og på Hovden.	



# Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune

Februar 2024 35. ÅRGANG | OPPLAG 560

### Vil du være frivillig på HovdenTour?

16.mars blir årets HovdenTour arrangert, i år blir rennet arrangert for 11 gang. Folk i Bykle kommune er utrolig flinke til å støtte oppom dette arrangementet, som funksjonær. Om der er noen som ikke er frivillig som har mulighet til å hjelpe til, ta kontakt med Roar Hjelmset på [Roar@hovdentour.no](mailto:Roar@hovdentour.no). Det er Hovden Sportsklubb og Bykle IL som er arrangør klubber for rennet. Overskuddet går til disse 2 klubbene. Ellers er det fint om mange fra Bykle Kommune er med og går rennet eller sprer positiv omtale om rennet, da kan det blir mange deltakere til start.



### Årsmøte i Bykle og Hovden Teaterlag

Torsdag 7.mars, kl.1900, Hovden grendehus  
Velkomne! - Helsing styret

### Årsmøte i Bykle mållag

27.februar kl 18:00 på Bykle Hotell

### Årsmøte i Fjellgardane Husflidslag

Tordag 8.februar  
kl 18:00



### Kurs i regi av Bykle Husflidlag våren 2024

Bunadsskjortekurs v/Malmfrid Nyborg Homme. Kurset er på 24 timar med oppstart måndag 19. februar. Kurset vil gå over seks mandagar frå kl 17-21. Bindande påmelding innan 12.februar. Påmelding til Jørgine Sofie Mosdøl på tlf.: 951 72 235 eller mail: [jorgine@online.no](mailto:jorgine@online.no) (40,-/time for medl, 70,-/time for ikkje-medl)

### Årsmøte i Bykle husflidslag

Torsdag 15.februar kl 19 på Bykle Hotell. Enkel servering.

Velkommen!



### Nytt prosjekt skal motverke utanforskap

Brynje er eit prosjekt der me arbeider med målretta tiltak for å redusere utanforskap, blant anna som eit tilbod til deg som ønskjer å sjå på moglegheitene for å kome heilt eller delvis i jobb, fortel prosjektleiari Vidar Mortensen.

Saman finn me dei gode løysingane for at du kan engasjere deg i arbeidsliv og samfunnsliv ut i frå dine føresetnader og ynske. All restarbeidsevne er verdifull og kan kome til nytte ein stad.

I Brynje kan du kontakte oss uansett kva slags kommunale eller andre offentlege tenester du elles er i dialog med. Om du ikkje får oppfølging frå nokon i dag, ynskjer me spesielt å snakke med deg. Alle førespurnader vert handsama med teieplikt.

Bedrifter og organisasjonar som vil sjå på moglegheiter for tilrettelagte, fleksible arbeidsplassar og andre tiltak som bidreg til meir innanforskap, vil me óg svært gjerne samarbeide med.

Les meir på [www.brynjeprosjektet.no](http://www.brynjeprosjektet.no)

og kontakt oss i dag:  
Vidar Mortensen, 92416961,

[vidar.mortensen@bykle.kommune.no](mailto:vidar.mortensen@bykle.kommune.no)



# SUMMIT

BYKLE-HOVDEN FRITIDSKLUBB

**JR. KLUBB  
(5. - 7. TRINN)  
18:00 - 20:00  
BYKLE ONS 14.02 /  
HOVDEN 28.02**

**UNGDOMSKLUBB  
(8. - VGS) 18:30-21:00  
HOVDEN GRENDEHUS  
ONS 07.02**  
POOLPARTY BADELAND  
LØRDAG 24.02 (VINTERFERIEN),  
MER INFO KOMMER

**MED FORBEHOLD OM ENDRINGER  
FOR MER INFO LAST NED APPEN SPOND: IFZBR  
KULTUR@BYKLE.KOMMUNE.NO**





[www.bykle.kommune.no](http://www.bykle.kommune.no)

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Innslag sendast med tekst og bilete til: [byklaren@bykle.kommune.no](mailto:byklaren@bykle.kommune.no) Frist er 15. kvar månad.

Politiske møter og saksdokument  
finn de på heimesida eller følg QR'en



### Informasjon frå Bykle og Valle helseteneste

Kristine Vedal Dåsvatn er fastlegevikar for Siri Haugetveit.

Sara Brun er fastlegevikar for Benedicte Severinsen i januar og februar. Frå mars til midten av april tek Sara over som fastlegevikar for Maren Østvold og Hallvard Mosdøl.

Anne Thieleck er tilsett som ny fysioterapeut på Hovden/Bykle. Tlf. 95306880. Ida Rosseland er tilbake som fysioterapeut i Valle i 80% stilling. Tlf. 46883253.

Dersom du har behov for fysioterapi kan du sjølv ta direkte kontakt med dei for å avtale tid.

### Barseltreff/barnetreff

... er meint for barn og omsorgspersonar som er heime med barnet i det første leveåret. Det vil bli enkel servering og den ansvarlege helsesjulepleiar legg opp aktuelle tema for aldersgruppa og for årstida. Dersom det er innspel til tema så tek vi gjerne imot dette.

[Ingrid.bjonnes@bykle.kommune.no](mailto:Ingrid.bjonnes@bykle.kommune.no)

[Monique.jore@bykle.kommune.no](mailto:Monique.jore@bykle.kommune.no)

Stad	Tid	Ansvarleg
Valle helsestasjon	9. januar kl. 10-12	Monique
Hovden helsestasjon	5. februar kl. 10-12	Ingrid
Valle helsestasjon	13. februar kl. 10-12	Monique
Hovden helsestasjon	18. mars kl. 10-12	Ingrid
Valle helsestasjon	19. mars kl. 10-12	Monique
Hovden helsestasjon	22. april kl. 10-12	Ingrid
Hovden helsestasjon	27. mai kl. 10-12	Ingrid

### Dagsenter på heimen kvar onsdag

Du kan kjøpe lunsj, middag og kaffe for kr 145,- eller bare ein av delene. Middag 85 kr og lunsj 60 kr. Det er lunsj kl 11.30 og middag kl 14.30

Viss du vil ha skyss/mat ring kjøkken på

telefonnummer 468 41 051 å sei frå om dette, tysdagen før.


### Boksirkele

Boksirkelen møtast måndag 12/2 klokka 19 i biblioteket på Hovden grendehus. Me les boka "Kongeriket" av Jo Nesbø. Biblioteket kan skaffe boka til alle som vil vere med  
**Mvh Merete, Bykle Frivilligsentral**



### Tore Renberg til Bykle folkebibliotek

Onsdag 6. mars klokka 18:00 får Bykle folkebibliotek besøk av forfattere Tore Renberg! Han er mellom anna kjend for bøkene "Mannen som elsket Yngve", "Tollak til Ingeborg" og gav i 2023 ut boka "Lungeflyteprøven" til gode kritikkar.



Arrangementet finn sted på Hovdestøylen, gratis inngang.

**Arrangør: Bykle folkebibliotek, Kultur & Fritid og Agder fylkesbibliotek**

**HELSESTASJON FOR UNGDOM**

SKANN QR-KODEN  
- SVRIV NAMNET DITT  
- TRYKK PÅ «DELTA UTEN PIN-KODEN»

ONSDAGER KL. 14-15.30

### Tømekalender

Restavfall: 07.02

Matavfall: 07.02, 21.02

Papir, glass/metall, plast: 21.02

### Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30

- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.



Bykle kommune  
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle  
Mån - fre: 09:00 - 14:00

T: 37 93 85 00  
E: [postmottak@bykle.kommune.no](mailto:postmottak@bykle.kommune.no)



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

[www.valle.kyrkja.no](http://www.valle.kyrkja.no) / [www.bykle.kyrkja.no](http://www.bykle.kyrkja.no)

### Gudstenester

Laurdag 10. februar kl 11.00

Dåpsgudsteneste Fjellgardane kyrkje

Sundag 11. februar kl 11.00

Gudsteneste Bykle kyrkje. Tale v/Åge Solsvik, NLM.

Sundag 25. februar kl 17.00

Gudsteneste Fjellgardane kyrkje

### Andaktar på Bykle alders- og sjukeheim

Onsdag 7. februar kl. 12.30 Åse Gudrun Thortveit

Onsdag 21. februar kl. 12.30 Åse Gudrun Thortveit

**Vi inviterer til konsert i lag med Bykle sokneråd**



**Roar Engelberg, panfløyte**  
**Jorunn Myre, orgel og piano**  
**fredag 23.2 kl 19.00**  
**Bykle kyrkje**

**Billetter på TicketCo eller ved døra, vipps/kontant/kort kr 250 vaksne /200 honnør/student**

### Velkommen til møte med Åge Solsvik i Kyrkjekjellaren

Onsdag 7. februar kl 19:00

Fredag 9. februar kl 19.00


Laurdag 10. februar kl 19:00

**Arr: Norsk Luthersk Misjonssamband**



Bykle kommune  
er nå bruker av den nye innbyggjersportalen.

LAST NED OG PRØV



### Innsamling av klede m.m.

Også i år samler vi inn klede, sko, leiker og andre tekstiler til Open Heart, Ukraina.

Klede må vere levert på Klippen i Bykle før 17. februar.

Laurdag 17. februar kjem Hallvard Hasseløy sjølv og fortel om arbeidet. Møtet starter kl 12.00, men har du lyst på suppe og kake kan du kome ca kl 11.00.

Det er ynskjeleg med fraktpengar, 50kr Per sekk. Vipps til 593767. Kontakt; Sigrid Bjørgum. 95807743

### Språkkafé

Hovden grendehus: 13. februar klokka 18:00

Bykle samfunnshus: 27. februar klokka 18:00

"Språkkafé er en møteplass mellom tilflyttere og lokalbefolkningen, som gir mulighet for å treffe nye mennesker, ha ulike aktiviteter, få praktisert norsk i trygge omgivelser og bli kjent med folk og stedet."

Ta kontakt med [merete.egeland@bykle.kommune.no](mailto:merete.egeland@bykle.kommune.no) om du vil bidra som språkvert.



## Kulturkafé

### Bykle samfunnshus 14. februar klokka 18.00

Korpsbasaren inntar kulturkaféen den 14. februar! Det vert åresal, korpsmusikk, korsang og god stemning. Kom innom for ein matbit og ei åre, det vert flotte premiar til vinnarane!  
Dirigent: Pavlina Sikjova

**Bygdekinoen**

[www.bygdekinoen.no](http://www.bygdekinoen.no)

### Bykle samfunnshus

Laurdag 17. februar:

16:30 Detektiv Edderkopp

18:30 Håndtering av udøde

### Hovden grendehus

Laurdag 03. februar

16:30 Jungelgjengen på verdensturné

18:30 Mean girls

Måndag 19. februar

16:30 Superkompisene

18:30 Poor Things

